

**Evaluering NOSP216, NOSP256, NOSP256-L, NOSP312, ZNORD Personnamn-gransking, våren 2020  
Ivar Utne, 13.4.2021**

Emneansvarleg og faglærer: Ivar Utne

Undervisninga i personnamngransking våren 2020 omfatta emna NOSP216, NOSP256, NOSP256-L, NOSP312, ZNORD.

Kurset omfatta 15 studiepoeng for NOSP216, NOSP256 og NOSP312. For NOSP256-L (lektorutdanninga) omfatta det 10 studiepoeng og 2/3 av kurset.

Korona-nedstenging kom 12. mars. Først la eg ut presentasjonar i to veker og gjekk etter de over til digital undervisning over Zoom. Eg sette opp litt ekstra timar for å gå gjennom noko av stoffet frå vekene utan undervisning.

I alt 14 studentar fekk eksamen, av dei 1 etter midtsemestereksamen våren 2021. Det fordelte seg slik på emne og karakterar:

- NOSP216, skoleeksamen, 10 studentar, 9 møtte: 1 A, 3 B, 4 C, 1 D – Snitt: C
- NOSP256, BA-oppgåve, 2 studentar: ingen levert i same semester, 1 leverte til midtsemestereksamen våren 2021 og fekk eksamen
- NOSP256-L, BA-oppgåve, 2 studentar: 1 A, 1 C – Snitt: B, 2 kandidatar
- NOSP312, skoleeksamen: 2 studentar 1 B, 1 C (1 ikkje møtt) – Snitt: B, 2 kandidatar

I denne undersøkinga deltok 7 studentar, og for ein av dei (NOSP256-L) gjaldt det for 10 studiepoeng.

NOSP216: 5

NOSP256: 0

NOSP256-L: 1

NOSP312: 1 (som kan omfatte ZNORD)

Undervisninga hadde tre hovuddelar:

- Fornamn i Noreg
- Etternamn i Noreg
- Fornamn i andre land

For NOSP256-L (lektorutdanninga med 10 studiepoeng) omfatta kurset dei to første delane, dvs. fornamn og etternamn i Noreg. Berre éin student har svara for dette emnet.

Vi spurte om interesse og vanskegrad for ulike delar av fagstoffet og om undervisninga. Det var størst interesse for fornamn i Noreg, litt mindre for etternamn og minst for fornamn i andre land. Blant lesestoffet var stoffet skrive på engelsk markert som vanskelegast å lesa.

Presentasjonane oppfatta dei fleste (6) som nyttige. Halvparten markerte at dei var for overfylte (4) og om lag det same for velstrukturerte (3). I kommentarar var det nokre som skreiv at var for mange sider som ikkje blei brukte, og at stoffet blei uoversiktleg når ein las dei etter timane. (Og det same er nok aktuelt uavhengig av undervisninga.)

For den faglege gjennomføringa av kurset svarte alle (7) at det var interessant. Halvparten svarte «Dels ryddig og dels ustrukturert» (4) og «Ryddig» (3). Dette inneber at noko har vore for lite klart strukturert. I opne kommentarar blei det frå nokre peika på engasjement som smittar.

Undervisninga over Zoom høyrst ut til å fungere greitt for studentane medan vi heldt på, slik det òg kom fram i evalueringa. Det var god kontakt begge vegar i timane.

<slutt>